


# REALISERING AV NIKODEMUS-STOVA I GLOPPEN

**PROSJEKTTEMA:** *ER DET MOGLEG Å FÅ ULIKE LOKALE ORGANISASJONAR FOR MENNESKE MED KRONISKE SJUKDOMMAR, LIDINGAR OG FUNKSJONSTAP TIL Å SAMARBEIDE OM INFORMASJON, OMSORG OG SØRVIS?*



## HOVEDMÅL

Opprette ein møteplass sentralt tilgjengeleg i Gloppen der alle innbyggjarane i Gloppen kommune som er ramma av kronisk sjukdom, lidning eller funksjonstap, deira pårørande og hjelpepersonell kan komme og få informasjon, omsorg og sørvis av andre i liknande situasjon kvar yrkedag

## MÅLGRUPPER

Målgruppene vert i søknaden omtalt som *brukarar*, og desse er:

- Menneske som lir av kroniske sjukdommar, lidningar og funksjonstap
- Pårørande
- Hjelpepersonell

## MÅLOMRÅDE

- Finne nok frivillege medarbeidarar og gje desse likemannskurs arrangert lokalt
- Gje halvparten av dei frivillege medarbeidarane målretta dataopplæring
- Rekruttere uføretrygda til å vere mellom dei frivillege medarbeidarane
- Legge tilrette for at unge brukarar kjenner seg heime i NIKODEMUS-STOVA
- Utvikle framtidig samarbeid og drift gjennom kurset "Samarbeid og kommunikasjon"
- Prøve ut åpningstider og andre tiltak retta mot brukarane
- Gjere erfaringar på om samarbeidstiltaket NIKODEMUS-STOVA er ein veg å gå for frivillege lag med tanke på å nå fleire, slite mindre og auke medlemstalet

Sjå elles spesifiserte målsetjingar s.6

## TIDSPERSPEKTIV

Å realisere NIKODEMUS-STOVA er eit arbeid som ikkje er gjort over natta. Det er svært mange aktørar med, nesten alle er ulønna deltakarar med svært ulike utgangspunkt. Dette er ein søknad om kva vi trur kan vere ein veg å gå i ein *treårs-periode*, godt hjelpt av ein lønna leiar ei stund. Søknaden er utforma så detaljert som råd, med tanke på at tiltaket skal leve og vekse vidare i ei eller anna form etterpå, utan lønsmidlar. Realiseringa kjem, dersom vi får prosjektmidlar, etter *fire år med planlegging*, det siste året med *førprosjektmidlar* frå HR.

# INNHALDSLISTE

## 1. PROSJEKTDIREKTIV

<b>GRUNNLAGSINFORMASJON</b>	s. 4
<b>A.ORGANISERING</b>	
• DELPROSJEKTGRUPPE 1-5	s. 5
• STYRINGSGRUPPE	s. 5
• REFERANSEGRUPPE	s. 5
<b>B. PROSJEKTBEKRIVELSE</b>	
• BAKGRUNN FOR PROSJEKTET	s. 6
• HENSIKT MED PROSJEKTET	s. 6
• KONKRETE MÅL SOM SKAL REALISERAST I PROSJEKTPERIODEN	s. 6
• HOVEDTILTAK	s. 7
• PROSJEKTLEIAR	s. 7
- Kvifor prosjektleiार	s. 7
- Kvalifikasjonar	s. 8
- Prosjektleiार skal sitje i alle prosjektgruppene	s. 8
- Prosjektleiार med gode datakunnskapar	s. 8
- Prosjektleiार skal drive aktiv marknadsføring og rekrutteringsarbeid	s. 8
- Prosjektleiार skal hauste erfaringar undervegs og påverke prosessarbeidet	s. 9
- Prosjektleiार skal få unge og uføretrygda inn i NIKODEMUS-STOVA	s. 9
• RAMMEBETINGELSAR OG AVGRENsingAR	s. 9
• GRUNNLAGSDOKUMENTASJON	s.10
• ANNA INTERESSE FOR PROSJEKTET	s.11
• KVALITETSSIKRING AV TENESTENE I NIKODEMUS-STOVA	s.11
• GJENNOM KURS OG OPPLÆRING SKAL SAMARBEIDET STYRKAST	s.12
• STUDIETURAR FOR DEI FRIVILLEGE MEDARBEIDARANE	s.12
• ”SAMANRISLINGSTILTAK”	s.12
• NIKODEMUS-STOVA ER EIT UTVIKLINGSPROSJEKT	s.13
• LOKALT BRUKARKOMPETANSEsENTER	s.13
• OPPDELING OG AVGRENsing: FAGLEG OG TIDSMESSIG	s.14
• FASAR	s.14
- Fase 1: Prosjektår 1	s.14
- Fase 2: Prosjektår 2	s.15
- Fase 3: Prosjektår 3	s.16
- Fase 4: Vidareføring etter prosjektslutt	s.17
• DELPROSJEKTA	
- Delprosjekt 1: Likemannskurs	s.18
- Delprosjekt 2: ”IKT til alle høyrsløhemma” - eit samarbeid på tvers	s.19
- Delprosjekt 3: Kurs i kommunikasjon og samarbeid	s.19
- Delprosjekt 4: Uføretrygda som frivillege medarbeidarar	s.20
- Delprosjekt 5: Ung på NIKODEMUS-STOVA	s.20
• LOKALET	s.21
• FRIVILLEGKOMMUNEN GLOPPEN	s.21

**C. RESSURSRAMMER OG ØKONOMI**

- OVERSIKTSBUDSJETT FOR NIKODEMUS-STOVA 2002-2004 s.22
- ARBEIDSINNSATS s.23
- INVESTERINGAR s.24
- DRIFTSKOSTNADER s.25
- ANDRE KOSTNADER s.26

**D. PROSJEKTPLANER – STATUSRAPPORTERING**

- DIALOGEN UNDERVEGS s.27

**E. UNDERSKRIFTER**

s.27

**2. MILEPÆLPLAN**

s.28

**3. PROSJEKTANSVARSKART**

s.29

**4. OVERSYN OVER PROSJEKTET**

s.30

**VEDLEGG**

(eige hefte)

# **1. PROSJEKTDIREKTIV**

## **GRUNNLAGSINFORMASJON:**

PROSJEKTNAMN: "Realisering av NIKODEMUSSTOVA" i Gloppen"

KORTNAMN: "NIKODEMUS-STOVA"

OPPSTART DATO: 01.01.02

VARIGHET: 3 år

OPPDRAKSGJEVAR: Gloppen Hørselslag  
Gloppen Revmatikarforening  
Gloppen Diabeteslag  
Gloppen lag for LHL (Landslaget for hjerte- og lungesyke),  
NHF Gloppen (Norges Handikapforbund)

OPPDRAKSTAKAR: Hørselshemmedes Landsforbund

PROSJEKTDIREKTIVET  
ER UTFYLT AV: Prosjektleder for førprosjektet Elin Rønnekleiv, april 2001

## A. ORGANISERING

### DELPROSJEKTGRUPPE 1 *LIKEMANNSOPPLÆRING:*

LEIAR: Prosjektleder  
 DELTAKARAR: Gloppen Opplæringsssenter, Leiar i FFO Sogn & Fjordane, styringsgruppeleiar

### DELPROSJEKTGRUPPE 2 *"IKT TIL ALLE HØYRSLEHEMMA"- GJENNOM SAMARBEID PÅ TVERS*

LEIAR: Prosjektleder  
 DELTAKARAR: HLF Sogn & Fjordane, Leiar i FFO Sogn & Fjordane, Gloppen Opplæringsssenter, styringsgruppeleiar

### DELPROSJEKTGRUPPE 3 *KOMMUNIKASJON OG SAMARBEID*

LEIAR: Prosjektleder  
 DELTAKARAR: Gloppen Opplæringsssenter, styringsgruppeleiar

### DELPROSJEKTGRUPPE 4 *UFØRETRYGDA MEDARBEIDARAR PÅ NIKODEMUSSTOVA*

LEIAR: Prosjektleder  
 DELTAKARAR: Gloppen Trygdekontor, styringsgruppeleiar

### DELPROSJEKTGRUPPE 5 *UNG PÅ NIKODEMUS-STOVA:*

LEIAR: Prosjektleder  
 DELTAKARAR: 2 foreldrerepresentantar frå ulike lag

### STYRINGSGRUPPA:

LEIAR: Ivar Halland  
 SEKRETÆR: Prosjektleder  
 DELTAKARAR: Eitt styremedlem frå kvar av medlemslaga pluss 2 ekstra frå Gloppen høyrseslag

### REFERANSEGRUPPE:

FFO Møre og Romsdal  
 HJELPER'N i Ålesund

## B. PROSJEKTBEKRIVELSE

### BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Gloppen høyrsekslag har ei tid ønskt seg i eit sørviskontor i kommunesenteret der laget kunne gjere sine tilbod betre tilgjengelege for alle som trong dei. Laget tok i 1998 kontakt med fire andre lokallag for å høyre om dei hadde eit liknande behov, for å betre økonomien i ”kontoret” og for å sjå kva gevinst som elles kunne ligge i eit slikt samarbeid. Resultatet av dette samarbeidet vart kalla NIKODEMUSSTOVA (vedlegg nr.1). For å sjå om idéen er liv laga, og for å legge til rette for realisering, har NIKODEMUSSTOVA fått midlar til eit førprosjekt år 2001. I løpet av førprosjektperioden har også følgjande problemstilling kome opp:

Kan NIKODEMUS-STOVA vere ein veg å gå for at det einstilte lag skal slite litt mindre, nå fleire og auke medlemstalet?

### HENSIKT MED PROSJEKTET

Hensikten er *tredele*. Kvart lokallag sit med informasjon og tilbod som ikkje kjem målgruppene nok til gode. Dei ulike lokallaga kan til tider slite tungt med drifta av laget sitt, og kjenner det til tider tungt å nå ut med tilboda sine til alle dei ein skulle ønskje. Kanskje det kan verke *motiverande å samarbeide* med andre lag? Kanskje kan mykje lagsarbeid verte lettare med NIKODEMUS-STOVA? Kanskje kan rekrutteringa til laga verte lettare, slik at ein når fleire menneske under 67 år? Kanskje kan ein lettare nå ut til folk med tilbod dei ulike lag representerer dersom ein vert synleg med eit lokale, der folk frå mange lag deler på å snakke med dei som har noko dei lurar på? Kanskje vert det kjekkare å drive lagsarbeid med eit nytt fellestiltak som NIKODEMUS-STOVA? Kanskje den gamle måten å drive lagsarbeid for medlemmene treng *ei fornying for å nå nye generasjonar* som ikkje er van med lagsarbeid?

Mange som lir av ein kronisk sjukdom, eller har ei liding eller eit funksjonstap, har lett for å kjenne seg åleine og einsame. For å gjere informasjon og sørvis lettare tilgjengeleg for alle innbyggjarane som treng den, og for å *motverke sosial isolasjon* hos den einstilte med helseproblem, har vi tru på at NIKODEMUS-STOVA kan bidra til begge deler.

Vi har tru på at *eit samarbeid* mellom lokallaga både kan gje ein sosial, ein fagleg og ein samfunnsøkonomisk gevinst, dersom vi får NIKODEMUS-STOVA til å fungere slik vi ønskjer. Det er samarbeidet mellom laga som er styrken i NIKODEMUS-STOVA. Berre gjennom samarbeid kan NIKODEMUS-STOVA bli eit *brukar-kompetansesenter* i kommunen.

### KONKRETE MÅL SOM SKAL REALISERAST I PROSJEKTPERIODEN

Ved prosjektslutt skal ein ha oppnått:

- 40 frivillege frå medlemsorganisasjonane har gjennomgått *likemannsopplæring* (2 vakter pr.dag \* 5 dagar \* 4 veker pr.mnd = 40 personar ) + 8 rekrutterte
- av dei frivillege med gjennomgått likemanskurs skal 20 personar (+ 4 rekrutterte) ha gjennomgått *IKT-opplæring* såpass at dei kan hjelpe brukarane av NIKODEMUS-

STOVA med å bruke IT til informasjon (enkel tekstbehandling og internettsurfing) og kommunikasjon (e-post)

- minst **3 ungdommar** knytta til NIKODEMUS-STOVA via IT-miljøet (ressurspersonar på IT)
- minst **5 uføretrygda** skal vere mellom dei frivillege medarbeidarane
- **Informasjons- og Kommunikasjonsteknologi** skal vere tilgjengeleg for **alle brukarane** av NIKODEMUS-STOVA, ikkje berre for dei høyrsløheemma i Gloppen, som IKT –prosjektet opprinneleg er utforma for ("**IKT til alle høyrsløheemma**") (vedlegg nr.2)
- 3 personar frå kvart av medlemslaga skal vere **kursa i samarbeid og kommunikasjon** med føremål å utvikle eigna driftsform og driftsmåte utan lønna tilsette, gode samarbeidsrutinar og levedyktige fellestiltak for NIKODEMUS-STOVA
- Medlemslaga skal ha godkjent planer og inngått fornya, forpliktande avtale om framtidig drift av NIKODEMUS-STOVA på ein slik måte at det **sikrar rekruttering og vidare drift**
- Funne fram til **økonomiske løysingar** som sikrar vidare drift utan at det belastar økonomien til det einskilde laget
- Åpningstid **minst 4 timar** 5 dagar i veka

### HOVEDTILTAK

1. Eitt hovedtiltak er **kvalitetssikring av tenestene** i NIKODEMUS-STOVA der likemannskurs for alle frivillege medarbeidarar er det sentrale.
2. Eitt anna er å gjere **informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) tilgjengeleg for alle** som brukar NIKODEMUS-STOVA gjennom tilgjengelege datamaskiner der, og ved hjelp av likemenn frå medlemslaga som har gjennomgått tilstrekkeleg dataopplæring til å hjelpe brukarane i gang.
3. Det tredje hovedtiltaket er å **sikre gode samarbeidsvilkår** for alle medlemslaga/-gruppene gjennom "samanrislingstiltak" og sosiale goder, gjennom vakt-teneste der laga går saman to og to, ein person frå kvart lag, når NIKODEMUS-STOVA skal bemannast av frivillege medarbeidarar, og gjennom kurs i samarbeid og kommunikasjon der fellestiltak skal utarbeidast og prøvast ut i praksis.

### PROSJEKTLEIAR

#### Kvifor prosjektleiar

Skal ein nå intensjonane med prosjektet, er det heilt nødvendig med profesjonell leiing i ein oppbyggingsfase. Målet er likevel at NIKODEMUS-STOVA etter prosjektperioden skal fungere utan lønsmidlar. Då skal ein gjennom opplæring og utvikling ha bygd opp ein kjernestab med frivillege samt gode samarbeidsrutinar slik at tiltaket kan stå på eigne bein på

ein lite kostnadskrevande måte. I prosjektperioden er det likevel prosjektleiaren som blir prosjektet sin viktigaste person!

### **Kvalifikasjonar**

Sidan opplæring av menneske med ulike funksjontap og arbeid på systemnivå er vektlagt i prosjektet, bør prosjektleiar vere spesialpedagog eller tilsvarande. Vedkommande bør ha livserfaring, gode samarbeidsevner og evne til organisering, god evne til å møte menneske i ulike livssituasjonar og god evne til kontakt. Prosjektleiar må også ha grunnleggjande datakunnskapar. Sidan det krevst ein erfaren spesialpedagog, må stillinga lønsplasserast som ved tilsetjing i skuleverket i kommunen (maksimum adjunkt med opprykk, topp ansiennintet). Det er styringsgruppeleiar, prosjektleiar for førprosjektet og rektor ved Gloppen Opplæringsssenter som gjer intervju og innstiller, og styringsgruppa som tilset. Stillinga er hundre prosent fyrste året, og vert trappa ned til tredve prosent tredje året. Gloppen kommune er behjelpelig med å fyller opp stillinga til hundre prosent kvart år, dersom vedkommande ønskjer det (vedlegg nr.3).

### **Prosjektleiar skal sitje i alle prosjektgruppene**

Prosjektleiar skal ha ansvaret for å bygge opp NIKODEMUS-STOVA etter målsetjinga og planane som er skissert i søknaden. Prosjektleiar skal saman med styringsgruppeleiar sørge for at styringsgruppa er operativ frå start til slutt. Prosjektleiar skal kalle saman og sitje i prosjektgruppene for *"Likemannsopplæring"*, *"IKT til alle høyrselshemma i kommunen – gjennom samarbeid på tvers"*, *"Kommunikasjon og samarbeid"*, *"Ung på NIKODEMUS-STOVA"*, *"Uføretrygda medarbeidar på NIKODEMUS-STOVA"*, som er fokusområde i hovedprosjektet. Prosjektleiar er sekretær for prosjektgruppene, og skal også vere ansvarleg for iverksetjing av tiltak.

### **Prosjektleiar med gode datakunnskapar**

Det er avgjerande for prosjektet at prosjektleiar har *gode datakunnskapar*. Prosjektleiar skal vere lærar på dei datakurs som Gloppen Opplæringsssenter arrangerer for NIKODEMUS-STOVA i sine lokale. Prosjektleiar er tenkt å vere datalærar fordi leiaren skal ha eit best mogleg utgangspunkt for oppfølging av dataopplæringa og kontakt med den einskilde brukar. Prosjektleiar skal i tillegg til å vere kurslærar organisere ein oppfølgingperiode etter kurslutt som studiering med lærar etter gjeldande reglar, der kursgruppene vert delt opp i mindre grupper og prosjektleiar er lærar. Dette skal gå føre seg i lokalet til NIKODEMUS-STOVA. På denne måten kan ein redusere barrierene brukarane kanskje har for å ta i bruk data, og alle kan få personleg oppfølging. Prosjektleiar gjennom prosjektgruppa søkjer om statstilskot til dette, som dekker utgifter til drift av data-anlegget i NIKODEMUS-STOVA til opplæringsføremål (teljarsteg o.l.).

### **Prosjektleiar skal drive aktiv marknadsføring og rekrutteringsarbeid**

Prosjektleiar skal bruke alle moglegheiter som er tilgjengelege for å marknadsføre NIKODEMUS-STOVA i høve til dei skisserte satsingsområda, foredrag rundt om i laga, rekrutterings- og motivasjonstiltak, media, "samarislingstiltak" for å nemne noko. Det er prosjektleiar som skal gjere den tyngste jobben med å skaffe frivillege medarbeidarar, og rekruttere mange av desse utanfrå medlemslistene til laga i dag. Dette må skje både gjennom ulike samarbeidspartar og i direkte kontakt med ulike menneske prosjektleiaren kjem i kontakt med. Foredrag for ulike lag er ei av dei arbeidsformene som må nyttast.



### **Prosjektleiar skal hauste erfaringar undervegs og påverke prosessarbeidet**

Prosjektleiar skal sørge for at NIKODEMUS-STOVA held ope fem yrkedagar i veka heile prosjektperioden, med fire timar opningstid kvar dag på dagtid. Prosjektleiar skal setje opp vaktliste for den/dei dagane som er bemanna med frivillege som har gjennomgått likemannskurs. Prosjektleiar skal sjølv bemanne NIKODEMUS-STOVA dei andre av dei fem dagane. Ein tenkjer at ein bemannar NIKODEMUS-STOVA med frivillege ein dag for veka i starten av prosjektet i år 1, utvidar med fleire dagar etter kvart, og målet er at frivillege bemannar NIKODEMUS-STOVA fem dagar for veka ved prosjektslutt. Ved at prosjektleiar bemannar NIKODEMUS-STOVA sjølv den fyrste tida, vil prosjektleiar hauste viktige erfaringar som skal komme prosjektet til gode, og skal formidle tilbake desse erfaringane gjennom *likemannskurset* og *kurs i samarbeid og kommunikasjon*. Slike erfaringsområde kan vere korleis ein skal loggføre alle henvendelsar NIKODEMUS-STOVA får, og korleis ein skal formidle kontakt mellom brukar og rett likemann/andre. Prosjektleiar vil også ha ein unik posisjon til å få kontakt med folk som kan vervast som frivillege medarbeidarar. For at prosjektleiar skal kunne bruke sine erfaringar aktivt i prosjektprosessen er det tenkt at prosjektleiar deltek på alle likemannskurs og på kurset i samarbeid og kommunikasjon, som ein mellomting mellom kurslærer og kursdeltakar.

### **Prosjektleiar skal få unge og uføretrygda inn i NIKODEMUS-STOVA**

For å nå målet om å få inn nokre uføretrygda mellom dei frivillege medarbeidarane frå andre året, er det viktig at prosjektleiar har ein god dialog med trygdekontoret. Det er mogleg gjennom prosjektgruppa som er oppretta. Gloppen Trygdekontor har gjeve positive munnlege signal om at dei ønskjer denne dialogen. For å nå målet om å få unge med lidingar og funksjonstap til å få kontakt med likesinna i organisasjonar lokalt, er det tenkt å bruke datamaskinene i prosjektet og digital fotografering som verkemiddel. Unge idag er ofte ressurspersonar på data, og kan brukast som ressurspersonar i NIKODEMUS-STOVA, eller tilbydast eit fellesskap der data er ein viktig ingrediens (t.d. digital fotografering, fotopresentasjonar, nettverkskommunikasjon).

### **RAMMEBETINGELSER OG AVGRENSINGAR**

All opplæring og kursing i prosjektsamanhengen kan berre gjennomførast dersom den vert gratis for medlemslaga og for den einskilde medarbeidar. Innkjøp av datamaskiner er berre mogleg dersom det inngår som ein del av prosjektet "Realisering av NIKODEMUS-STOVA", og opplæring vert gjeven samstundes. Dette er viktig for motivasjonen hos dei mange frivillege som trengst som medarbeidarar for å realisere NIKODEMUS-STOVA. Det er heller ikkje mogleg å realisere NIKODEMUS-STOVA som eit samarbeidsprosjekt, i den grad som intensjonen heile tida har vore, utan prosjektmidlar til ein lønna prosjektleiar. Til det vil eit fellestiltak som NIKODEMUS-STOVA kreve for mykje av det einskilde lokallag i ein oppbyggingsfase i tillegg til den vanlege lagsdrifta. Derimot aukar moglegheitene for å lukkast med prosjektet dersom ein både har ein lønna prosjektleiar som omsøkt, datamaskiner og tilhøyrande utstyr, og ikkje minst, gratis kurs og opplæring for å få tiltaket på beina.

NIKODEMUS-STOVA skal *ikkje* belaste det einskilde lokallag økonomisk i ein oppbyggingsperiode, og skal heller ikkje gjere det etter prosjektslutt utover ein høveleg, årleg medlemssum, t.d. kr.500 – 1000. Tiltaket skal heller ikkje drive rovdrift på nokre få, slitne styremedlemer i dei ulike laga, men heller lokke fram nye eller "ubrukte" medlemer som i NIKODEMUS-STOVA vil kunne få nye og kjærkomne oppgåver. For at ikkje belastningane skal bli store verken i prosjektperioden eller etterpå er det lagt vekt på at kvar frivillig medarbeidar berre skal ha ein dags teneste på fire timar i månaden saman med ein annan. Det

skal vere ei positiv utfordring å finne så mange frivillege medarbeidarar som trengst, slik at ein kan oppleve det motiverande at ein er mange og ber bøkene i lag. Sidan all kursinga skal gjerast på tvers mellom organisasjonane, er det å håpe at tiltaket skal bli sosialt og motiverande framfor ei tung plikt.

Dersom ein set inn ressursane i prosjektperioden med fokus på ”samanrislingstiltak”/sosiale goder og gratis kurs og opplæring, vil det vere ei investering som betalar seg langt inn i framtida, sjølv om medlemslaga etter prosjektslutt kanskje finn ut at ambisjonsnivået var i høgste laget og NIKODEMUS-STOVA berre kan ha ope t.d. fire dagar i veka. Ved å legge ambisjonsnivået der ein skulle ønskje at ein skulle komme, **kan** ein oppnå at ein får tak i fleire frivillege medarbeidarar enn ein i dag kan ane med tradisjonell lagsdrift. Difor skal ein ikkje avgrense tilsiget av frivillege, men ta det som ei viktig utfordring undervegs, og ikkje som eit nederlag om ein ved prosjektslutt ikkje nådde alle måla. Til dette krevst det positiv haldning frå medlemslaga og visse, planlagde motivasjonstiltak i prosjektet. Etter ei totalvurdering er IKT-prosjektet valt å takast med i realiseringa av NIKODEMUS-STOVA, nettopp som motivasjonstiltak for frivillege vi i dag berre kan ane er der, ikkje som tvang for alle som måtte vegre seg mot å bruke data.

## **GRUNNLAGSDOKUMENTASJON**

1. Hørselshemmedes Landsforbund (HLF) slo i ein rapport ”***Fra hørelur til internett***” (1996) fast at høyrslahemma meir enn nokon har nytte av IKT, sidan dei kan oppleve seg funksjonsfriske i skriftleg kommunikasjon med andre. Same rapporten sa også at høyrslahemma har større barrierer for å ta i bruk IKT enn andre grunna kommunikasjonsvanskar. Dette var kimen til at Sogn og Fjordane lag av HLF ønskte å prøve ut ein måte å nå ***ut til alle høyrslahemma med IKT gjennom eit samarbeid med andre organisasjonar*** (vedlegg nr.2) lokalisert til ein møtestad for alle. Denne modellen vil i praksis komme alle brukarar tilgode, uansett kven dei er, og høver perfekt i NIKODEMUS-STOVA.

2. NIKODEMUS-STOVA vart skapt på papiret 1998 av dei fem samarbeidande laga. September same året vart ***handlingsplanen*** ferdig (vedlegg nr.1), og den har vore grunnlaget for alt arbeid med NIKODEMUS-STOVA fram til i dag.

3. Då førprosjektet starta opp i januar 2001, vart det laga eit skjema, ”***Årsmøtevedtak-skjema***”, (vedlegg nr.4) som skulle sendast ut til alle dei samarbeidande laga for fornying av avtale vedrørande hovedprosjektet. Skjemaet inneheldt også spørsmål til høyring. Det vart godkjent på styringsgruppemøtet 1.februar, og laga hadde frist til 20.mars. Alle fem laga svarte at dei ville vere med på å realisere NIKODEMUS-STOVA, og dei representerte ei samla medlemsmasse på 186 personar. Laga svarte at dei kunne stille til disposisjon kr.500-4.000 årleg, men dei fleste låg på kr.500 og kr.1000. Samla kunne laga stille 8 personar frå starten av prosjektet til å tenestegjere ved NIKODEMUS-STOVA ei økt på 4 timar kvar i månaden. Dette var akkurat nok til å bemanne NIKODEMUS-STOVA ein dag for veka frå januar 2002, ei grense styringsgruppa hadde sett som eit minstemål for å starte realiseringa av NIKODEMUS-STOVA. Fleire lag uttrykte gjennom årsmøta sine vegring mot at prosjektet skulle bli for arbeids- og kostnadskrevjande for det einskilde lag, men likevel ønskte dei at NIKODEMUS-STOVA skulle realiserast.

4. ***Lokalavisa ”Firda Tidend”*** har vore ein viktig støttespelar i den hektiske prosessen etter at førprosjektmidlane vart tildelte. Det var stort oppslag i avisa då førprosjektmidlane kom (nov 2000)(vedlegg nr.5). Likeeins var det ein grundig presentasjon av prosjektet i avisa då dei fem

samarbeidande laga skulle svare på "Årsmøtevedtakskjemaet"(mars 2001). Dette fall saman med at førprosjektet flytta inn i kommunale lokale i det nyopna Sandane Næringshage, og prosjektet fekk god PR (vedlegg nr.6). Avisar var interessert i om styringsgruppa fann å setje i gang realiseringa av NIKODEMUS-STOVA etter svarfristen 20.mars, så det vart eit stort oppslag om ja til NIKODEMUS-STOVA etter det (23.mars) (vedlegg nr.7).

5. Prosjektlear hadde ein *studietur* 9.mars til HJELPER'N i Ålesund (vedlegg nr.8), som vart dreven av FFO Ålesund saman med Norges Handikapforbund og Norsk forbund for utviklingshemma, 9.mars. Gratisavisa "Nytt i Uken" kom og gjorde oppslag på besøket, og det vart spreidd i 9 sunnmørskommunar veka etter (vedlegg nr.9).

6. Prosjektlear har brukt boka "Prosjektledelse" av Arild Stavne, 1996 (Prosjektforum).

### **ANNA INTERESSE FOR PROSJEKTET**

Prosjektlear har halde foredrag på førespurnad to gonger dei fyrste to månadane av førprosjektet. Mental Helse Gloppen og Gloppen Revmatikarlag hadde eit fellesmøte 17.januar, og Gloppen lag av LHL hadde møte 14.februar.

FFO i Møre og Romsdal har lønna fylkessekretær, det har ikkje Sogn og Fjordane. Etter anbefaling frå fylkesleiar i Sogn og Fjordane tok prosjektlear kontakt med fylkessekretær Beathe Langnes i nabofylket, og ho var svært interessert i prosjektet (vedlegg nr.10). Vi har hatt ein del kontakt, sjølv om det planlagde møtet vårt i Molde 10.mars gjekk ut p.g.a. sjukdom.

13. mars ringde ei dame frå Karmøy i Rogaland og var svært interessert i prosjektet som ho hadde høyrte om via HLF. Ho hadde ei problemstilling som likna vår, nemleg korleis ein kunne slå seg saman med andre med føremål å slite mindre og nå fleire.

Frå nabokommunen Eid ringde det ei dame 27.mars. Ho representerte Norges Blindeforbund i fylket, og var svært interessert i at prosjektet skulle komme i gang. Ho hadde lese om prosjektet i avisa.

Elles har prosjektlear i april 2001 ei klar kjensle av at dei fleste i Gloppen kommune no har høyrte om NIKODEMUS-STOVA, og mange føl spent med på korleis det går med prosjektet. *Fylkesavisa FIRDA* ringde 17.april og ville snakke om NIKODEMUS-STOVA...

### **KVALITETSSIKRING AV TENESTENE I NIKODEMUS-STOVA**

*Likemannsarbeid* er eit kjent omgrep i dei frivillege organisasjonane. Ein som er ramma av noko møter og hjelper til rette ein annan som er vorten ramma av om lag det same. Slik det er i dag, sender kvar organisasjon nokre få utvalde på dyre kurs på hotell der ein oftast fyrst må reise eit langt stykke. Derimot så er likemannskurs nyttige. Ein lærer om korleis ein skal møte sine medmenneske i ulike livssituasjonar og lærer om kva ein skal seie og ikkje seie til vedkommande. Ein lærer om kva ein kan svare på, og når ein skal sende folk vidare til andre med spørsmålet sitt. Til slutt må ein skrive under på teieplikt.

Ved at alle som er tenestegjer ved NIKODEMUS-STOVA er likemenn kvalitetssikrar tilbodet. I det ligg det at "nokon" må sile kven som eignar seg til å bli likemenn. Ein likemann må ha alminnelege ferdigheiter i å møte andre menneske der dei er, lytte og vere audmjuke.

Det er viktig å understreke at det er prosjektleiaren som i prosjektperioden har hovedansvaret og skal bere tyngda av å finne fram til menneske som ønskjer å bli ein frivillig medarbeidar. Det skal sjølvstykke både gjennom samarbeidspartar og gjennom direkte kontakt. Samarbeidspartar er m.a.styra for dei ulike laga, Gloppen Trygdekontor og helsearbeidarar i kommunen.

Det er også eit vilkår for å bli likemann at ein er betalande medlem i eitt av laga.

### **GJENNOM KURS OPPPLÆRING SKAL SAMARBEIDET STYRKAST**

Førprosjektleiar var februar 2001 på studietur til HJELPER'N i Ålesund, eit liknande prosjekt (vedlegg nr.8). Det viktigaste å ta med seg inn i realiseringa av NIKODEMUS-STOVA var at dei ikkje hadde fått til eit reelt samarbeid, og hadde verken lønna prosjektleiar eller kurs/opplæring. Medlemslaga der sleit også med å ha eit eigarforhold til HJELPER'N. Dette er ein viktig bakgrunn for at fokus i dette prosjektet vart retta i så stor grad mot kurs og opplæring. Spesielt sakna dei kurs i kommunikasjon og samarbeid. Likemanskursa ordna laga der med sjølv, men samarbeidde heller ikkje om opningstilboda. I dette prosjektet er det difor lagt opp til felles teneste som "vakter" når NIKODEMUS-STOVA held ope, felles (for alle laga) likemanskurs og datakurs, og felles kurs i samarbeid og kommunikasjon der føremålet er å finne gode samarbeidstiltak. Det er ein styrke for dette prosjektet at Gloppen Opplæringsssenter er inne som arrangør (vedlegg nr.3).

Det er ein føresetnad for alle gratis kurs og opplæring at deltakarane er betalande medlemmer av eitt av laga.

### **STUDIETURAR FOR DEI FRIVILLEGE MEDARBEIDARANE**

For å ta vare på dei frivillege medarbeidarane skal det andre og tredje prosjektåret lagast til studietur for at medarbeidarane skal få sjå andre liknande prosjekt i rimeleg nærleik. Turane inkluderer gratis reise og måltid samt ein fagleg og ein sosial del. HJELPER'N i Ålesund har tilbode NIKODEMUS-STOVA å ta i mot oss begge åra om så skulle vere, og kan avviklast som dagstur. Det er ikkje nøyaktig dei same folka som vert med begge åra, så for den del er ikkje det noko problem. I Ålesund verka dei oppglødde over tanken. Hørselshjelparordninga ved HJELPER'N fungerte godt, og dei ville meir enn gjerne medverke til at NIKODEMUS-STOVA kan få i gang eit liknande tilbod (vedlegg nr.12). Men ein tur dit er ikkje gjevande berre for høyrslhemma, men for alle. HJELPER'N er eit samarbeidsprosjekt som vårt.

Det er ikkje tvil om at det er inspirerande å dra på studietur og sjå korleis andre løyser utfordringane. Det kan også vere andre spennande tiltak som kan vere verdt å avlegge eit besøk i prosjektperioden. Studieturar er ein fornuftig måte å takke dei frivillege medarbeidarane for innsatsen. Ein må stelle pent med dei frivillege medarbeidarane slik at dei held ut lenge, for det er dei som etter prosjektslutt er NIKODEMUS-STOVA.

### **"SAMANRISLINGSTILTAK"**

Skal ein få til samarbeid frå starten av, må folk frå dei ulike medlemslaga kome saman og verte kjende med kvarandre. Skal ein få nye, potensielle medlemmer og framtidige frivillege medarbeidarar ut av husa sine og inn i dette fellesskapet må ein bruke slike samkomer som er opne for alle. Ein kan invitere folk saman rundt eit gratis måltid og ha det sosialt, mot at dei får innføring i siste nytt om NIKODEMUS-STOVA og anna relevant informasjon om

prosjektet. Det er viktig at slike tiltak vert nytta både til å dele informasjon, knyte kontakter og at dei som kjem får gode fellesskapsopplevingar. Dette gjev forhåpentlegvis grobotn og motivasjon for folk til å anten bli frivilleg medarbeidar eller rett og slett ein brukar og ”medeigar”. Slike opplevingar må ein ta vare på gjennom det digitale kameraet, slik at dei kan brukast til seinare gode fellesskapsopplevingar, t.d. framsyningar gjennom videokanon på sosiale samlingar. Det krevst ei satsing på ”samanrislingstiltak” i prosjektperioden for å reise NIKODEMUS-STOVA, men ein må halde fram med dette også etter prosjektslutt, der alle medlemmene til NIKODEMUS-STOVA er invitert. Ein tenkjer å søkje Fylkeslegen om velferdsmidlar til dette frå andre prosjektår.

### **NIKODEMUS-STOVA ER EIT UTVIKLINGSPROSJEKT**

Realisering av NIKODEMUS-STOVA er eit utviklingsprosjekt. For å sjå denne utviklinga skissert, kan ein sjå på ”Prosjektoversynet” s.30 i søknaden (og vedlegg nr.34). Prosjektet legg opp til å starte opp med dei laga som har vore med frå idéstadiet (vedlegg nr.1), og som har 186 medlemmer. Det er likevel ein grunntanke at tiltaket skal vere for *alle* lokallag og grupper for menneske som lir av eit eller anna og som bur i Gloppen kommune. Tanken er å ta inn fleire grupper og lag etterkvart både i og etter prosjektperioden. Norsk Forbund for Utviklingshemma (vedlegg nr.13) tel 65 medlemmer, og Pårørandegruppa for m.a. aldersdemens som er relativt nystarta, kan begge tenke seg å komme inn i NIKODEMUS-STOVA i prosjektår to. Mental Helse Gloppen (vedlegg nr.14) med sine 30 medlemmer og Sogn og Fjordane fylkeslag av Landforeningen for Trafikkskadde (vedlegg nr.15) er kanskje klar for å vere med i NIKODEMUS-STOVA frå prosjektår tre. Norges Blindforbund har også teke kontakt.


Det kan vere verdt å merke seg at det, ifølge Stavne (s.22), i eit utviklingsprosjekt vil *herske usikkerhet om tre ting*. Det eine er sjølv *målet*, seier han. Det er ikkje uvanleg at ein må justere målet undervegs, fordi ein gjer erfaringar undervegs, og fordi ingen heilt veit korleis målet ser ut. Det andre gjeld *vegen* fram. Vi kan ikkje vere sikre på kva veg som er lurast å følge, eller om den går heilt fram. Det tredje er *etterbruken*. Vi har ingen garanti for at prosjektresultatet vil bli teke i bruk. Typisk for eit utviklingsprosjekt er altså at *målet må justerast ofte* mens ein har *fokus på potensiale*. Likevel er utviklingsprosjekt verdt å prøve. Det er fordi det inneheld *både risiko og nye moglegheiter*. Dette meiner altså Stavne. Han meiner at det difor er rimeleg å forvente vegring og motstand mot eit slikt prosjekt, fordi det kan endre på det trygge og kjende mens det ukjende er så usikkert. Dette har også vårt førprosjekt erfart. Likevel ville alle fem medlemsårsmøta i 2001 støtte idéen om NIKODEMUS-STOVA, inst inne. Så då gjeld vel det gamle ordtaket framleis: ”Den som intet våger - intet vinner”.

### **LOKALT BRUKARKOMPETANSESENTER**

Når NIKODEMUS-STOVA kjem i gang, er målsetjinga at hjelpepersonell og andre kan søkje informasjon der. Spesielt helse- og sosialetaten uttalar seg om at dei treng eit brukarkompetansesenter å vende seg til i mange situasjonar. I dag er *brukarmedverknad* eit ord som går att i helse-, trygde- og sosialtenester. (Vedlegg nr.16, nr.17, nr.18, nr.19 og nr.20) Ved å ha NIKODEMUS-STOVA har då dei offentlege etatane ein stad å vende seg dersom dei treng brukaruttalar t.d. i samband med eit offentleg nybygg eller pleie- og omsorgstenester. På den andre sida vil eit lokalt brukarkompetansesenter lettare kunne stå saman om å fronte saker lokalt som vedkjem brukarane av NIKODEMUS-STOVA. Og saman er ein som kjent sterke.

## OPPDELING OG AVGRENSING: FAGLEG OG TIDSMESSIG

### PROSJEKTPERIODEN (3 ÅR)



Dette er ein kombinasjon av inndeling i både *delprosjekt* og *fasar*. Fasane føl åra i prosjektet, og oppfølginga etter prosjektslutt er skissert når det gjeld delprosjekt 1-3 og tilsig av nye lag og grupper. Her kjem ein grundig presentasjon av faseinndelinga og delprosjekta:

## FASAR

### Fase 1: Prosjektår 1

Det må snarleg tilsetjast prosjektleiar, helst frå 01.01.02. Det er det styringsgruppa for førprosjektet som gjer så raskt som råd før jul 2001. Styringsgruppa for hovedprosjektet må vere konstituert innan midten av januar. Så startar ferdigstillinga av lokalet. Det er ein føresetnad for ein *god start på prosjektet* at lokalet er operativt så snart som mogleg, med møblar, straum, kjøkken- og toalettfasilitetar og datautstyr.

Prosjektleiari skal straks kalle saman delprosjektgruppene for delprosjekta 1-3 etter tur slik at dei kan starte opp så raskt som råd.

**Det fyrste delprosjektet** som skal setjast i gang er det fyrste av to likemannskurs fyrste året. Dette fyrste kurset må haldast for dei frivillege medarbeidarane frå dei samarbeidande laga som allereie har meldt seg til teneste (8 personar), dei som ikkje har likemannskurs frå før. Dette må kome i gang så raskt som råd for at dei kan ta til med å bemanne NIKODEMUS-STOVA ein dag for veka. Det andre kurset fyrste året kan komme seinare på året (8 nye personar), og primært vere for folk frå dei samarbeidande laga, sekundært frå lag som er på veg inn i prosjektet.

Alle som har gjennomgått **likemannskurs** og som gjer teneste som frivilleg medarbeidar ved NIKODEMUS-STOVA skal få tilbod om å delta i ein **studiering**/samtalegruppe (5-8 personar) 6 gonger fyrste året, seinare 1-2 gonger i året etter avslutta likemannskurs. Prosjektleiari leier studieringane i oppbyggingsfasen så lenge det er behov for det. Dette er viktig for at alle medarbeidarane skal kjenne seg teken vare på, og fordi alle skal ha tilbod om eit forum der ein kan utvikle både seg sjølv og NIKODEMUS-STOVA, der ein kan ta opp problemstillingar ein møter som frivilleg medarbeidar.

**Delprosjekt to** skal også dragast i gang fyrste halvår med fyrste gruppe (6 personar), men ikkje fortare enn at dei som skal gå datakurs fyrst har gått likemannskurs, eller som kjem til å ta det fyrste året. Dette for å sikre at dei, når dei er ferdige med 36 timar dataopplæring eller har tilsvarende ferdigheiter, kan gå rett til teneste i NIKODEMUS-STOVA. Gruppe to vert sett i gang kurs for så snart ein har nok interesserte som har eller skal gå likemannskurs (6 personar). Når året er omme skal ein på denne måten ha fått nok frivillege medarbeidarar med gjennomgått likemannskurs til å bemanne NIKODEMUS-STOVA to dagar i veka.

**Delprosjekt tre** skal brukast litt tid på å planlegge før det vert sett i gang. Det er ikkje krav til likemannskurs for desse deltakarane, men ein må heller bruke tid på å finne 2-3 (helst 3) personar frå kvart av dei samarbeidande laga som har interesse og tid for å vere med og utvikle NIKODEMUS-STOVA over tid. Kurset bør likevel komme i gang i april 2002. Kurset går langsamt fram, og passar for folk som likar langsiktig organisasjonsarbeid som ikkje krev så mykje krefter om gongen, men heller at ein held ut over år.

Prosjektleiari skal skrive **rapport** etter gjennomført delprosjekt 1 og 2, fyrste gruppe. Dette skal danne grunnlag for gjennomføringa av kurs og opplæring for dei andre gruppene, og skal leggjast fram for dei respektive delprosjektgruppene. Denne rapporteringa skal oppjusterast etter kvart gjennomført kurs og inngå som ein eigen del i sluttrapporten. Det skal også skrivast rapport om delprosjekt 3 ved utgangen av år 1 til delprosjektgruppa, der det skal stå kva som er gjort, korleis, kvifor, når og kven som har delteke samt ei evaluering. Dette skal gjerast ved utgangen av kvart år, og inngå som ein eigen del i sluttrapporten. Prosjektleiari rapporterer skriftleg om røynslene med studiering som oppfølging til likemannskurs ved årsslutt til delprosjektgruppe ein.

## **Fase 2: Prosjektår 2**

Prosjektleiari skal ta imot eitt **nytt lag**, Norsk forbund for Utviklingshemma (**vedlegg nr.13**) og ei **ny gruppe**, Pårørandegruppa for m.a. aldersdemens **som vi har fått munnleg tilsagn frå**, og inkludere desse i NIKODEMUS-STOVA. Prosjektleiari må planlegge korleis dei skal takast

imot, og iverksetje ”samanrislingstiltak” for alle medlemmene i dei gamle og dei nye laga. Folk må bli kjende med kvarandre før dei kan bli trygge nok til at dei nye frivillege medarbeidarane kan tre fram. Dei må også få sin plass i styringsgruppa med eitt medlem kvar.

**Delprosjekt ein** skal iverksetjast for ei ny gruppe (8 personar) som skal få likemannskurs frå våren 2003. Desse kan hentast både frå dei gamle samarbeidande laga og frå dei nye. På same måten skal ein prøve å rekruttere og kurse ei gruppe til (8 personar) som likemenn i løpet av hausten. Prosjektlearar skal rapportere skriftleg etter begge avslutta kursa til delprosjektgruppa, og skal inngå som ein del i sluttrapporten.

I løpet av andre prosjektår skal **delprosjekt to** rekruttere og lære opp ei gruppe (6 personar) på data av dei som har gjennomgått likemannsopplæring. Dei som fekk dataopplæring i fase ein skal no få tilbod om å delta i ein studiering som møtest t.d. ein gong i månaden i eitt år i NIKODEMUS-STOVA sine lokale. Prosjektlearar skal vere lærar, tilbodet skal vere gratis for deltakarane og det skal vere gratis også å bruke internett til dette føremålet for (sjå kap. om økonomi). Studieringane skal sikre oppfølging av den einskilde, og sikre inntekt til å dekke kostnadane med internett. Det må alltid møte opp fem på gruppa skal økonomien forsvarast. Difor må studieringane telje 6 personar, og det medfører at to og to må dele datamaskin desse gongane. Dette kan vere eit pluss for det sosiale, og fagleg forsvarleg då dei skal øve på å hjelpe andre på akkurat desse maskinene. Prosjektlearar skal rapportere skriftleg til delprosjektgruppa ved gjennomført studiering i eitt år (10 gonger), og det skal også inngå i sluttrapporten. Det same gjeld for avslutta dataopplæring dette året for den nye gruppa.

**Delprosjekt tre** skal i denne fasen prøve ut noko av fellestiltaka dei har funne fram til i fase ein. I planen for bruken av NIKODEMUS-STOVA er det sett av ein kveld for veka der lokalet er øyremerka fellestiltak. Kurset skal planlegge, iverksetje og evaluere minst eitt fellestiltak dette året. Eit slikt fellestiltak kan vere samtalegruppe for pårørande frå fleire lag. Prosjektlearar rapporterer skriftleg til delprosjektgruppa ved årsslutt, og denne skal inngå i sluttrapporten for dette delprosjektet.

Prosjektlearar kallar saman **delprosjektgruppe fire**, og drøftar korleis ein kan få uføretrygda inn som frivillege medarbeidarar i NIKODEMUS-STOVA. Gloppen Trygdekontor vil her spele ei viktig rolle i utvelging og kontakt med aktuelle personar. Dette arbeidet vil pågå til prosjektslutt. Gloppen Trygdekontor har gjeve munnleg tilsagn om å delta.

Det skal arrangerast **studietur** til HJELPER’N eller liknande dette året for dei frivillege medarbeidarane. Det er tenkt som ein bussdagstur med besøk på dette kontoret i Ålesund, og påfølgande middag på kafé. Det skal vere ei blanding av fagleg og sosialt, og skal vere gratis, som ei takk til all frivilleg innsats.

### **Fase 3: Prosjektår 3**

Prosjektlearar er no nede i 30% stilling, og det meste skal no vere oppe og gå. Mange skal no ha gjennomgått likemannskurs, og dersom rekrutteringa av frivillege medarbeidarar har gått godt, skal no NIKODEMUS-STOVA vere bemanna fire dagar i veka etter fase to, og ein skal ha prøvd ut eitt fellestiltak på kveldstid. Ein god del likemenn skal no ha lært seg data, og brukarar frå alle lag kan komme og bruke internett om dei vil. Prosjektet går no inn i siste fase.



Prosjektleiari skal ta imot eitt **nytt lag** og ei **ny gruppe** i denne fasen også. Det er kanskje Mental Helse Gloppen (vedlegg nr.14) og Landsforeningen for Trafikkskadde (vedlegg nr.15) som skal inkluderas i NIKODEMUS-STOVA gjennom tildelt plass i styringsgruppa og gjennom "samanrislingstiltak" for nye og gamle lag. Nye frivillege medarbeidarar frå alle laga skal rekrutterast, og det hadde vore ønskjeleg om ein fekk 16 nye frivillege i fase tre også som ein kunne gje likemannskurs og gjere klar for teneste. Det er planlagt to kurs dette året også, som dei andre to åra. Då har ein fått kursa ein kjernetropp med frivillege som ein etter prosjektslutt berre treng å supplere år om anna. Prosjektleiari skriv **sluttrapport** om korleis **delprosjekt ein** har gått.

**Delprosjekt to** skal også dette året gje 6 nye frivillege som har gjennomgått likemannskurs dataopplæring. Det skal organiserast studiering med prosjektleiari som lærar for dei som gjekk datakurs i fase to, etter same modell som føregåande fase. Dei som får dataopplæring inneverande år, må få same tilbodet om studiering året etter prosjektslutt, og ringlærar må finnast mellom NIKODEMUS-STOVA sine eigne folk. Det er viktig med denne oppfølginga, slik at deltakarane m.a.får høve til å bli kjend med internett utan kostnad. Dette let seg gjere gjennom studieringordninga, dersom organiseringa og frammøtet føl visse reglar. Prosjektleiari skriv **sluttrapport for delprosjekt to** ved prosjektslutt.

**Delprosjekt tre** skal i siste fase munne ut i konkrete tiltak som skal gjelde for korleis NIKODEMUS-STOVA skal organiserast og drivast, kva fellestiltak ein skal arbeide vidare med innad laga imellom, og kva tiltak ein skal arbeide med utad mot samfunnet som brukarkompetansesenter. I planen for NIKODEMUS-STOVA er laurdagen frå dette året sett opp som ein fellestiltaksdag. Det er planlagt å prøve ut minst ein laurdag dette året til utadretta verksemd. Det kan vere "stand" på butikkentra eller Ope Hus på NIKODEMUS-STOVA. Kurset kan også setje fokus på område i lokalsamfunnet som trengst å tilretteleggast betre for einskilde brukarar av NIKODEMUS-STOVA. Det kan vere fortausovergangar, teleslynger, handikap-parkering ein ønskjer å setje fokus på, t.d. gjennom media, demonstrasjonar og brev til rette ansvarlege. **Erferingane frå dette kurset skal vidareførast i det nye styret** for NIKODEMUS-STOVA som skal overta ved prosjektslutt. Prosjektleiari skal sjølv sagt rapportere skriftleg om **delprosjekt tre i sluttrapporten**.

Prosjektleiari rapporterer ved prosjektslutt til **delprosjektgruppe fire** korleis det har gått med å få inn uføretrygda mellom dei frivillege medarbeidarane, noko som sjølv sagt inngår som ein del av sluttrapporten.

**Delprosjekt fem** handlar om å få inn unge i NIKODEMUS-STOVA. Dette er ei utfordring, men håpet er at prosjektleiari i løpet av fase ein og to har kome i kontakt med foreldre til ungdommar som lir av noko, og som kan tenkje seg å sitje i ei prosjektgruppe saman med prosjektleiari, og gjerne saman med to ungdommar, for å sjå på korleis ein kan få dei unge inn i organisasjonane lokalt gjennom NIKODEMUS-STOVA. Kunne ein ha fått inn tre unge som fann sin plass i NIKODEMUS-STOVA i tredje fase, kunne ein ha fått til noko som kunne vekse seg til noko som omfattar fleire ungdommar etter prosjektslutt. Det er likevel viktigare at NIKODEMUS-STOVA vert ein god stad å vere for nokre få som har behov for det, enn for "mange" ungdommar som ein ikkje greier å følgje opp. Prosjektleiari skriv om delprosjekt fem i sluttrapporten, og det er viktig kva signal som kjem fram i fase tre for vidareføringa etter prosjektslutt.

Det skal arrangerast **studietur** også dette året for dei frivillege medarbeidarane, og mange nye skal vere komne til sidan sist, så ein kan godt reise til HJELPER'N i Ålesund dette året også.

Framleis skal det vere ein gratis dag, med reise og middag dekkja som takk for frivillege innsats.

#### **Fase 4: Vidareføring etter prosjektslutt**

Etter prosjektslutt må eit styre drive NIKODEMUS-STOVA. Det skal ta over etter styringsgruppa. Styreleiar får ei viktig oppgåve, sidan vedkommande bør kjenne prosjektet godt, kjenne prosessane som har vore, kjenne mange folk, ha evne til å koordinere og organisere og har syn for vidare utvikling. På mange måtar kjem styreleiar til å erstatte den samlande og leiande funksjonen som prosjektleiaren forhåpentlegvis har hatt.

Gjennom dette omfattande prosjektet skal ein vidare ha hausta så mange røymsler, involvert så mange frivillege medarbeidarar, skapt så mange nye, gode relasjonar mellom menneske, både innad i laga og mellom dei ulike medlemslaga, og prøvd ut så mange sider ved drifta at ein no har eit godt grunnlag til å vidareføre erfaringane til det som er intensjonen bak NIKODEMUS-STOVA: Å vere ein felles møteplass der menneske med ulike funksjonstap, lidingar eller kroniske sjukdommar, deira pårørande og hjelpepersonell kan komme og få informasjon, omsorg og sørvis nokre timar kvar yrkedag. No skal NIKODEMUS-STOVA forhåpentlegvis stå på eigne bein, men den må finne si smertegrense i denne situasjonen som skal verte den varige. Kanskje ein har frivillege medarbeidarar berre til tre-fire kvardagar i veka istaden for fem. Kanskje ein finn ut at det er lettare å ha ope eit par kveldar i veka i staden for fem dagar på dagtid? Det er i alle fall viktigare med eit kvalitetstilbod t.d.tre-fire dagar for veka framfor at folk skal slite seg ut på eit kunstig høgt aktivitetsnivå. Det bør då heller arbeidast med andre løysingar på innhaldssida. Det viktigaste då er at eit godt grunnlag for samarbeid er lagt, og at ein kan dra vekslar på kvarandre i tida som kjem på ein heilt ny måte enn før. Samarbeid kombinert med kreative, skapande løysingar vil alltid finne sin veg. Prosjektet skal gje den hjelpa som ein treng i starten.

Nye lag og grupper må framleis få komme til, nye likemenn må kursast for å halde vedlike bemanninga. Det same gjeld for data. Kanskje held det med eit kurs kvart andre eller tredje år. Erfaringane frå prosjektperioden skal gjere det lettare å lage nye kurs når behovet melder seg. Ein kan forhåpentlegvis gjere det på om lag same måten som i prosjektperioden, og kanskje Gloppen Opplæringsenter framleis vil arrangere kursa? Ein må vere klar over at vert NIKODEMUS-STOVA eit godtfungerande brukarkompetanseseter, som oppfyller intensjonane for informasjonsformidling, omsorg og sørvis, vert det lettare å få støtte frå kommunen til drifta. Det er trass alt ikkje mykje med 40.000 offentlege kroner dersom det merkast at NIKODEMUS-STOVA har oppnådd *ein fagleg, ein sosial og ein økonomisk gevinst*.

### **DELPROSJEKTA**

#### **Delprosjekt 1: Likemannskurs**

For å sikre at dei som er frivillege medarbeidarar i NIKODEMUS-STOVA har vore gjennom ei minsteinnføring og har skrive under på teieplikt, vil NIKODEMUS-STOVA gjennom Gloppen Opplæringsenter (vedlegg nr.3) arrangere likemannskursa lokalt, der også FFO er med i prosjektgruppa (vedlegg nr.21). Denne opplæringa må vere gratis for både medlemslaga og deltakarane skal målet om å få nok frivillege og kvalitetssikring av tilbodet nåast. Kursa skal finansierast med statstilskot gjennom organisasjonane/FFO.

### **Delprosjekt 2: "Informasjons- og kommunikasjonsteknologi til alle høyrslheemma" - gjennom eit samarbeid på tvers av organisasjonane**

Sogn og Fjordane fylkeslag gjorde i mai 1999 vedtak om å prøve ut ein modell for korleis ein kunne nå ut til alle høyrslheemma i ein kommune på ein effektiv og rimeleg måte. Denne modellen som vart kalla *Gloppenmodellen* er utfordrande organisert, men har betydeleg større gevinst til ein forholdsvis rimeleg penge enn enklare modellar, som "Vågsøymodellen", som begge finst på vedlegg nr.2. *Gloppenmodellen føreset eit lokale som NIKODEMUS-STOVA, eit samarbeid mellom brukarorganisasjonar og publikumsmaskiner.*

IKT-prosjektet "*IT til alle høyrslheemma*" byggjer på at ein på lokalplanet når få høyrslheemma dersom det er berre nokre lokallagsstyremedlemmer som har tilgang på datamaskiner. Det same gjeld dersom berre spreidde medlemmer har maskiner. Det blir lite spreiding av IKT-kunnskap av det, sjølv om desse går på kurs fyrst.

Tanken bak *Gloppenmodellen* er at ein når så mange fleire, ja i prinsippet *alle*, høyrslheemma som greier (og har lyst) til å ta seg fram til eitt bestemt lokale der det finst datamaskiner. Dersom vi lærer opp *nøkkelpersonar* som tilhøyrer dette lokalet, vil dei kunne hjelpe dei høyrslheemma inn på internett sjølv om brukarane aldri før har rørt ein PC. Desse nøkkelpersonane kan vere vanskeleg, ja urealistisk, å rekruttere frå høyrslmiljøet åleine. Difor er vegen lokalt å gå gjennom eit *samarbeid med andre lag*. Kort fortalt går *Gloppenmodellen* ut på at ein lærer opp folk frå mange organisasjonar såpass at dei vert i stand til å beherske datamaskina som eit hjelpemiddel til å skrive med, til å kommunisere på e-post med og til å søkje informasjon via internett med. Høyrslheemma har større barrierer for å ta i bruk denne teknologien enn folk flest (sjå "Fra Hørelur til internett" – HLF, 1996), og dei treng tilrettelagt opplæring, som mindre grupper, teleslynge, tett oppfølging, framfor alt ein trygg atmosfære. Viktig for denne tryggleiken vert det då at ein vert hjelpt inn på internett av "amatørar" og "alminnelege folk" som ein sjølv, og ikkje av superflinke "databroilerar" som aldri står fast.

Det er viktig å presisere at *denne modellen vil komme alle dei samarbeidande laga til gode*, og at det i praksis ikkje vil vere noko skilje mellom høyrslheemma og andre brukarar, sett frå dei andre laga si side. Forutan nytteverdien styrker denne modellen både økonomien og bruk av andre ressursar i IKT-prosjektet.

### **Delprosjekt 3: Kurs i kommunikasjon og samarbeid**

Føremålet med kurset er å finne gode samarbeidstiltak laga imellom, prøve desse ut i prosjektperioden og finne ut korleis NIKODEMUS-STOVA skal drivast, etter som prosessen skrivar fram. Ein tenkjer seg at kvart medlemslag som til einkvar tid er med, deltek med ca. 2-3 personar. Det er eit kursløp over tre år, med 12 timar kvart år. Det fyrste året skal deltakarane finne ut kva laga har felles, og kva temakveldar eller samtalegruppe for å nemne noko, eller behov elles ein kan setje fokus på saman. Dette skal prøvast ut det andre året. Andre året kjem nye lag/grupper til med 2-3 kvar. Kanskje tålest det at dei laga som av naturlege årsaker ønskjer det kan skifte ut ein av deltakarane sine. Det er 12 nye timar som skal brukast også dette året. Andre året skal det leggest inn eit lite kurs i kommunikasjon. Ein skal også sjå på korleis ein skal legge opp drifta av NIKODEMUS-STOVA. Fungerer det med informasjonsutvekslinga som "vaktene" på dagtid har ansvaret for? Kva med loggføringa? Kursen må justerast ved behov. Før året er omme skal utprøvinga av fellestiltaket på kveldstid evaluerast. Kvar går vegen vidare?

Tredje året kjem det også forhåpentlegvis nye lag/grupper til. Ein gjennomfører same rulleringa som andre året, mens dei nye finn sin plass. Kurs i kommunikasjon også dette siste året. Dette tredje året skal det planleggast og prøvast ut kva tiltak NIKODEMUS-STOVA skal gjennomføre utad ein laurdag, der NIKODEMUS-STOVA opptrer som eit brukarkompetansesenter. Elles vert hovedvekta dette året på korleis NIKODEMUS-STOVA skal drivast etter prosjektslutt. Korleis skal drifta organiserast? Kven skal sitje i styret? Kurset justerer innhaldet i NIKODEMUS-STOVA og utarbeider forslag til reglar for drift som tilslutt vert lagt fram for alle medlemslaga til uttale. Kurset avsluttar med at alle medlemslaga må skrive under fornya, forpliktande avtale som skal gjelde etter prosjektslutt. Kurset må då i planane også ta omsyn til korleis ein vidare skal rekruttere nye medlemslag og grupper.

#### **Delprosjekt 4: Uføretrygda som frivillege medarbeidarar i NIKODEMUS-STOVA**

Vi veit at det finst mange uføretrygda i denne kommunen også, mange av dei er i sin beste produktive alder. Nokre av desse har ikkje eit arbeid eller arbeidsliknande aktivitetar der dei får føle at dei er viktige for samfunnet. Det ville vere rart om ikkje nokre av desse både eignar seg til å snakke med folk, har lyst å lære seg data og gå på likemanskurs, for så å verte ein frivilleg medarbeidar. For nokre er det kanskje overkommeleg å verte ein frivilleg medarbeidar, og minimum ei vakt på fire timar i månaden skulle vel også vere overkommeleg. *Det er viktig at akkurat desse menneska får ein slik stad å arbeide for, ein stad å bety noko for nokon, ein stad å høyre til.* Kanskje er det dette som skal til for nokre for å auke livskvaliteten og redusere einsemda? Uføretrygda som ikkje har kapasitet til å verte frivilleg medarbeidar er sjølvsagt velkomne som brukarar av NIKODEMUS-STOVA. Det er ein styrke for dette delprosjektet at Gloppen Trygdekontor ser ut til å ville vere med på å formidle kontakt mellom uføretrygda og NIKODEMUS-STOVA, og kanskje vere med på å råde einskilde om å melde seg som frivilleg medarbeidar.

#### **Delprosjekt 5: Ung på NIKODEMUS-STOVA**

Unge som lir av noko skal ikkje skiljast ut frå annan ungdom. Det er ikkje prosjektet sin tanke at dei skal ha nokon særklubb, og det er heller ikkje realistisk i ein kommune på 6000 innbyggjarar. Det som likevel kan vere eit tankekors er at nokre av desse ungdommane har lett for å kjenne seg annleis, einsame, sosialt isolerte og ofte deprimerte. Kanskje dei brukar så mykje krefter på skule og det sosiale liv mellom jamaldringar at nokre av dei er ”sosialt slitne” og treng ein *fristad* av og til. Då kan NIKODEMUS-STOVA vere ein stad å gå. Men skal dei kjenne at dei har ein heim i NIKODEMUS-STOVA, må dei kjenne seg heime der og bli møtt på sine premissar. Då er data i dag svært aktuelt, sjølv om dei kanskje har det heime og. Det er på ungdoms vis å sitje saman fleire med kvar si datamaskin. Dette er mogleg på NIKODEMUS-STOVA, med tre maskiner kobla saman i nettverk. Data i nettverk er brukande til spel, men moglegheitene er så uendelig mykje større enn det.

Tanken er at dei som måtte vere aktuelle skulle få status som ressurspersonar på data, bruke digitalt kamera for å dekke hendingar i NIKODEMUS-STOVA, lage fotopresentasjonar på data, brenne desse på CD og gjere dette tilgjengeleg for andre brukarar. På denne måten kan ungdommane få *bety noko for andre*, og det er viktig både for sjølvkjensla til den einskilde og som bidrag til fellesskapet rundt NIKODEMUS-STOVA. På denne måten kan dei ungdommane i kommunen som lir av noko få eit meningsfullt møte med brukarorganisasjonane sine, og med andre i same situasjon.

## **LOKALET**

Vi har gode og formålstenlege lokale på hand, og dei oppfyller krava dei fem samarbeidande laga sette i handlingsplanen av 1998. Lokalet er samlokalisert med Frivillegsentralen, og ligg sentralt i kommunesenteret, vendt mot gata på gateplan med lett tilgang for rørslehemma. Vi har fått teikna romløyising og tilpassing av lokalet til føremålet (vedlegg nr.22) og kalkyle ligg ved (vedlegg nr.23). Huseigar har gjeve oss tilbod på leige av lokalet inkludert straum, med og utan ombygging (vedlegg nr.24). Ombygginga omfattar installering av handikaptoalett, toalett i det heile fanst ikkje frå før, kjøkkenbenk med framføring av vatn, frådelling av to, små støyisolerte samtalerom og eit større publikumsrom. Heile lokalet er ca.36 kvm. Lokalet vert oppussa uansett i grunnleiga, og NIKODEMUS-STOVA kan velge å koste tilrettelegging av lokalet sjølv dersom ønskjeleg. Prisskilnaden var kr.950,- pr.mnd. Eitt alternativ er å innleie eit samarbeid med Frivillegsentralen om toalett og kjøkken der, men det vil ikkje verte tilgjengeleg på kveldstid og reduserer bruksverdien av NIKODEMUS-STOVA vesentleg. Det mest formålstenlege hadde vore den dyraste leiga med svært godt tilrettelagt lokale, lite – men rommer alt.

## **FRIVILLEG-KOMMUNEN GLOPPEN**

Gloppen kommune er ikkje stor med sine 6000 innbyggjarar. Ordføraren skriv i si støtteerklæring (vedlegg nr.25) om frivilleg-kommunen Gloppen, der svært mykje frivilleg innsats årleg vert lagt ned. Kommunen ser at det frivillege arbeidet er av stor nytte for innbyggjarane. Det er eit faktum at mange personar gjer ein frivilleg innsats i fleire samanhengar gjennom ei årrekke, der kanskje nokre få gjer svært mykje mens andre igjen gjer mindre. Laga opplever at det svingar i bølgedalar, alt etter kven som tek sin tørn og støttar opp om aktivitetane. Førprosjektet har avdekkja at fleire lag no er leia av ein del slitne og trøytte folk.

Det private næringslivet i Gloppen har i mange år vore prega av tørke og pessimisme, men siste året er det kome ein ny giv. Det nyopna Sandane Næringshage med sine moderne teknologiske løysingar, kreativt, spennande vekstmiljø for idéar og gründerar saman med kraftig opprusting av sentrum er viktige satsingsområde som har ført til optimisme og ny giv i kommunen. Ved at nokre satsar, tek ein risiko og prøver noko nytt viser det seg at det får positive ringverknader ein både håpa på og kanskje ikkje hadde tenkt på. På same måten er det å ønskje at det frivillege organisasjonsarbeidet i kommunen kunne få ein ny giv ved at nokon tok ein risiko og satsa på noko nytt og uprøvd. Kanskje kan ein på same måten som i næringslivet få i gang positive ringverknader for langt fleire menneske og aktivitetar enn ein i dag heilt kan førestille seg? Kanskje kvardagen kan bli litt mindre grå for nokon, og fleire få oppleve at det er kjekt å gjere noko saman. Som leiar for FFO i Ålesund sa det: "Etter at eg vart skada og byrja med frivilleg arbeid har eg fått meir enn eg har gjeve". Men kanskje det må noko nytt til for å få fram dette?

## C. RESSURSRAMMER OG ØKONOMI


Det er viktig for realiseringa av NIKODEMUS-STOVA i Gloppen at det vert tilsett *prosjektlei*ar som skissert. Det er også viktig for å nå målsetjingane både når det gjeld motivasjon, innhald og kvalitetssikring av tilbodet at dei *investeringane* som er sett opp for prosjektet i år 1 vert gjennomførte. Like viktig er det at lokalet er tilrettelagt og formålstenleg lokalisert frå starten av prosjektet. Driftsutgiftene er etter prosjektperioden hovedsakleg knytta til leige av hus og straum, og det vert ei utfordring å finne løysing på dette. I prosjektperioden vert det også andre driftsutgifter, som utgifter knytta til rekrutteringstiltak, kurs, møter, reiser, studieturar, kontor- og telefonutgifter, for å nemne dei fleste. Alle utgiftene er berekna nedtrappa utover prosjektperioden, bortsett frå husleige og straum.

Inntektene er beskjedne, som rimeleg er i eit slikt prosjekt, men det er, forutan prosjektmidlar, lagt inn ein *driftsinntektspost* som er tenkt vil aukast utover prosjektperioden. Tanken er at den skal dekke opp utgifter til kiosksal pluss langt på veg dekke kostnadane med data og telefon etter prosjektperioden. All bruk av internett utanom opplæring er tenkt skal finansierast med eigenbetaling, t.d. kr.10 pr.halvtime, også i prosjektperioden.

### OVERSIKTSBUDSJETT FOR NIKODEMUS-STOVA 2002-2004

Tenestegruppe KOSTRA	Type	År 2002	År 2003	År 2004
10	Lønn og sosiale kostnader	378000	226800	113400
11	Driftsutgifter	91900	75700	67100
12	Investeringar	114600	0	0
<b>SUM UTGIFTER</b>		<b>584500</b>	<b>302500</b>	<b>180500</b>
	Driftsinntekter brutto	2000	4000	6000
	Medlemsinntekter	2500	3500	4500
<b>SUM INNTEKTER</b>		<b>4500</b>	<b>7500</b>	<b>10500</b>
	UTGIFTER	584500	302500	180500
<u>INNTEKTER</u>	<u>INNTEKTER</u>	<u>4500</u>	<u>7500</u>	<u>10500</u>
<b>SØKNADSSUM</b>		<b>580000</b>	<b>295000</b>	<b>170000</b>

Det ligg ved eit spesifisert budsjett (vedlegg nr. 26). Her kjem ei grafisk framstilling av nedtrappinga av utgiftene i prosjektperioden. Serie 2 inneheld m.a.husleige og straum, og beheld derfor om lag same volumet gjennom perioden.





Denne grafiske framstillinga skal prøve å vise at der er vilje til å få inn driftsinntekter i prosjektperioden. Det er klart at når dei skal målast opp mot prosjektmidlane som trengs blir driftsinntektene forsvinnande små. Men dei er der, og dei veks utetter perioden!

### ARBEIDSINNSATS

Det er lagt opp til at folk skal få *lyst* til å vere med på dette nye. Alt som dette nye fører med seg av frivillig innsats i prosjektperioden, kan ein estimere slik ( i *timar*):

OMRÅDE	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	SUM
”samanrislingstiltak”	200	300	400	900
Styringsgruppemøte	200	250	300	750
Bemanning opningstid	416	1056	1376	2848
Studieturar frivillig medarb.	0	350	540	890
Foredrag v/prosjektleder	100	60	20	180
Likemannskurs	192	192	192	576
+Oppfølging studiering/ samtalegruppe u/lærer, 6g	96	96 + 32	96 + 32	352
IKT-opplæring	432	216	216	864
+Oppfølging studiering m/lærer 10 g over eitt år	0	240	120	360
Kurs i samarbeid og kommunikasjon – over 3 år	180	216	252	648
Utprøving av ekstra fellestiltak	0	80	200	280
Styra og årsmøta i dei ulike laga arbeider med prosessen	100	140	180	420
<b>SUM</b>	<b>1916</b>	<b>3228</b>	<b>3924</b>	<b>9068</b>

Omrekna til årsverk kan ein rekne *den frivillege innsatsen* på denne måten:

Eitt årsverk for ein kontortilsett i kommunen er 1950 timar. Til frådrag kjem ferien på 37.5 timar i fem veker, som utgjer 187.5 timar. Då står det att **1762.5 timar** arbeidstid i eitt årsverk. Slik ser då den frivillege innsatsen ut omrekna til den kontortilsette sitt årsverk:

	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	SUM
<b>ÅRSVERK</b>	Ca 1.1	Ca 1.8	Ca 2.2	Ca 5.1

For den *lønna* personen sitt vedkommande vert årsverket redusert iløpet av prosjektperioden. Omrekna etter stillingsstorleik vil årsverka til den lønna kunne samanliknast med årsverka til dei frivillege:

	ÅR 1	ÅR 2	ÅR 3	SUM
LØNNA	1	0.6	0.3	1.9
FRIVILLEGE	Ca.1.1	Ca. 1.8	Ca. 2.2	Ca. 5.1

Dette skulle gje følgjande høvestal:  $1.9 : 5.1 = 0.37$  som ligg i overkant av høvestalet **1:3**.

Dette viser at dersom ein lukkast med gjennomføringa, finn nok frivillege - som kanskje er det mest kritiske punktet, vert *høvet mellom lønna og frivilleg innsats høgt*. Men det heile er igjen heilt avhengig av ein lønna person, og at denne personen er "den rette" for oppgåva. Dessutan står det fast at til fleire frivillege ein greier å involvere, til lettare blir NIKODEMUS-STOVA å gjennomføre. Mange er allereie involvert i førprosessen. Prosjektet skal i alle fall avdekke kor mange frivillege som vil vere med på dette.

Det er viktig å merke seg at *den frivillege innsatsen er berekna å gå noko ned etter prosjektslutt*. Dette er fordi kurs og opplæring er tenkt skal skje i mykje mindre grad, det blir berre å sørge for vedlikehald av den "ressursbanken" som ein i prosjektperioden skal ha bygt opp. Styringsgruppa vil bli lagt ned, og eit styre skal overta. Det bør nok bestå av færre personar enn styringsgruppa, og vil kanskje ha færre møter. Opningstida skal leggast der smertegrensa er, og det er vanskeleg å seie på førehand om det vil bli fem dagar i veka på dagtid. Men skal den det, vil det kreve ein frivilleg arbeidsinnsats på 160 timar pr.mnd – eller 1600 timar i året. I tillegg er det naturleg å tenkje at dei "kjekke" fellestiltaka kjem til å overleve og verte vidareutvikla. Det er ikkje usannsynleg at dersom ein får mange frivillege som deler på bøkene, vil NIKODEMUS-STOVA kunne ende på *ein årleg aktivitet på mellom eitt og to årsverk*.

## INVESTERINGAR

All aktivitet i prosjektperioden byggjer på visse, planlagde *investeringar* i starten av prosjektet (vedlegg nr.27). Lokalet rommer *tre datamaskiner*. Data er valt både ut frå målsetjinga om å tilby alle høyrsllehemma tilgang til datamaskin inkludert hjelp av likemenn, og for at IT er ein viktig informasjonskanal i dag. Data er også for ein del menneske lystbetont, og vi trur det framleis finst folk som vil oppleve det motiverande å lære seg dette. Talet tre er valt fordi det er sentralt i opplæringa (seks personar arbeider saman to og to), fordi det ikkje skal bli kø, fordi det er sosialt å sitje tre saman og fordi vi ønskjer å tilby tre ungdommar ein fristad å vere når dei vert "slitne" av sosialt samver med funksjonsfriske.

For å styrke fellesskapet sine gode fellesskapsopplevingar kan *foto* vere eit fint verkemiddel. Derfor er det lagt opp til å kjøpe eit skikkeleg, *digitalt kamera*, som varer lenger og tek gode bilete. *Kortlesaren* som er foreslått har USB-port, noko som mogleggjer rask overføring av bileta mellom biletminnebrikka og datamaskina. Ein legg minnebrikka inn i kortlesaren, som igjen overfører bileta. At denne overføringa går raskt er viktig for motiverande bruk av utstyret. Dette utstyret kostar ingenting i bruk, utover CD-plater som ein lagrar det ferdige resultatet på (rimeleg). For å kunne lage fotopresentasjonar og "lysbilete"-seriar av dei digitale bileta må ein ha programmet Power Point. Det er eit av fleire program i *Office-pakken*. Ein slik pakke dekkjer behovet for fotopresentasjon, og det føl også med programmet Excel som kan brukast av alle laga som vil, og kan, føre rekneskapen sin på data. *CD-brennar* er ein føresetnad for å lagre bilete og fotopresentasjonar, men ein kan også lagre anna



informasjon, musikk m.m. Både digitalt kamera og CD-brennar har i seg mange moglegheiter for fellesskapet, og ungdommane er oftast å betrakte som ressurspersonar på dette. På samanrislingstilstellingar og i andre samkomer kan fotopresentasjonar visast for mange, t.d. v.h.j.a. videokanon som ein truleg kan få låne. Dette er viktig i arbeidet med rekruttering og sosialt arbeid på tvers mellom laga. Med dette utstyret kan ein også lage egne brosjyrer.

For at medlemslaga skal bruke lokala til styremøta sine på kveldstid er det viktig med enkel tilrettelegging. Prosjektleiarmaskina skal vere laga si kontormaskin etter prosjektslutt, og både prosjektlear og laga må ha tilgang på ei felles, enkel **kopimaskin**. Alle datamaskinene skal koblast saman i **nettverk**. Til dette trengst det ein HUB (8 portar) og nokre meter med kabel. Fordelen med nettverk er at alle maskinene kan ha ein **felles laserskrivar** (rimelegast i bruk) og **CD-brennar**, og **felles internett**. Alt utstyret og internett vert billegare i bruk på denne måten. For å legge seg opp pengar til vedlikehald av dataanlegget, kan ein ta t.d. kr.10,- pr.halvtime for å bruke internett sjølv om teljarstega i røynda vert delt på alle som surfar samstundes og kostar kanskje kr.4- som vert delt på tre. Det må vere gratis å bruke datamaskina til å skrive på eller anna som ikkje medfører kostnad.

### **DRIFTSKOSTNADER**

**Lønn** til prosjektlear er berekna ut frå ein spesialpedagog (med 2.avd spes.ped), topp ansiennitet og tilflytta frå Oslo eller ein annan stad med høg arbeidsgjevaravgift og inkludert feriepengar. Det er også teke høgde for lønsauke etter gjeldande tariffar for skuleverket, og for ein del sjukefråver. Denne summen kan altså bli lågare, avhengig av kven som blir tilsett. Summen er altså rekna ut frå ei grunnlønn øverst på stigen for ein adjunkt med opprykk og eit påslag på 20%. Det viktigaste for prosjektsuksessen er at ein finn "den rette" prosjektleiar, ut frå kvalifikasjonar og personlege evner, mens lønna vert plassert etter gjeldande tariff for vedkommande i skuleverket i kommunen.

**Kommunen** er inne i førprosjektet (vedlegg nr.28) som rekneskapfører og revisor for prosjektrekneskapet (**teknisk arbeidsgjevar**). Dersom erfaringane med førprosjektet er gode, er det ikkje utenkjeleg at kommunen også gjer dette under hovedprosjektet, og såleis bidreg med viktig kompetanse og gjennomføring og kvalitetssikring av prosjektrekneskapen. Økonomisjefen i kommunen sin sentraladministrasjon har munnleg signalisert dette.

Kommunen er også inne i førprosjektet på annan måte, ved at **Gloppen Opplæringsssenter** (kommunal vaksenopplæring) stiller gratis kontorplass i eitt år for førprosjektleiar (vedlegg nr.3). Dette er tenkt på annan måte i hovedprosjektet, då ein føreset at NIKODEMUS-STOVA har fått lokale frå starten av. Derimot vil Gloppen Opplæringsssenter spele ei sentral rolle likevel i hovedprosjektet, sidan dei har sagt ja (vedlegg nr.3) til å legge tilrette og arrangere all kurs- og opplæringsaktiviteten i prosjektperioden lokalt. Dei har også sagt ja til å sitje i dei delprosjektgruppene som skal utforme innhald og skaffe mennesklege og økonomiske ressursar til å gjennomføre dette. All kurs- og opplæringsaktivitet er tenkt finansiert gjennom statstilskot, søkt gjennom organisasjonane. Sidan Gloppen Opplæringsssenter skal arrangere dette, er desse midlane haldne utanfor prosjektrekneskapen. Det er ein styrke at Gloppen Opplæringsssenter er komen såpass tungt inn i prosjektet, både fordi det vil avlaste både laga og prosjektlear, fordi det er naturleg med eit slikt samarbeid med kommunen og fordi Gloppen Opplæringsssenter no held til i topp moderne, framtidretta lokale i Sandane Næringshage, der framtida sine teknologiske løysingar samt kreativitet og vekst er vektlagt. Det vert spennande å sjå kva ein kan få ut av å arrangere dei planlagde kursa lokalt som skissert!

Den tyngste utgiftsposten etter prosjektslutt vert **husleige og straum**. I ein kommune som Gloppen, med sine 6000 innbyggjarar og som dei siste tre åra har brukt sparekniven hardt og framleis må gjere det, vert det ei utfordring å finne løysingar på korleis ein skal få inn **40.000 i året** til dette. Prosjektleiaren har invitert dei politiske partia med i prosessen kring NIKODEMUS-STOVA (vedlegg nr.29). Det er ikkje utenkjeleg likevel at det kan finnast politisk vilje til å løyve heile eller deler av denne summen dersom NIKODEMUS-STOVA kjem opp og gå og tiltaket vert vellukka (vedlegg nr.30). Elles vert det å søkje privat næringsliv og andre (vedlegg nr.31) om støtte og gåvemidlar. Huseigarar har gjeve oss pris på lokalet både med og utan tilrettelegging. Prismessig er det lite å hente på å leige lokalet utan tilrettelegging, for då må NIKODEMUS-STOVA legge tilrette for eigen kostnad. Det verkar i realiteten mykje dyrare, når prisskilnaden berre er på 950.- kr/mnd. Difor budsjetterer vi med den høgaste satsen, som inneber tilrettelagt lokale med handikaptalett, to små støyisolerte samtalerom og publikumsrom med kjøkkenbenk, inkludert straum.

### **ANDRE KOSTNADER**

Skal prosjektet lukkast og ingen skal slite seg ut, er det viktig at prosjektleiaren får gode arbeidsvilkår til å drive rekrutteringsarbeid og å sveise folk saman gjennom ”**samanrislingstiltak**”. ”Samanrislingstiltak” er i prinsippet alt som ein gjer som fører mange folk saman omkring ein fellesnemnar, der dei blir kjende med kvarandre – og at dei i løpet av tilstellinga eller arrangementet/turen i tillegg til mat vert servert ein porsjon fagleg informasjon om NIKODEMUS-STOVA som m.a. også inneber spørsmål etter frivillege medarbeidarar. ”Samanrislingstiltak” skal ha som overordna mål å få nye og gamle medlemmer frå ulike lag til å trivast saman utan krav. Det skal fyrst og fremst gjerast hyggjeleg å vere saman, samstundes som ein vert kjend med kvarandre og eigenarten hos kvarandre sine lag. Til dette er det budsjettert med kr.10.000 fyrste året og ingen ting seinare. Dette er fordi ein skal bruke fyrste året til å prøve ut eit par-tre ”samanrislingstiltak” og gjere erfaringar. Frå andre året er tanken at ein skal søke Fylkeslegen om velferdsmidlar til slike tiltak som ein køyrer resten av prosjektperioden og etterpå. Føremålet etter prosjektslutt er å bruke ”samanrislingstiltak” for alle laga når nye lag skal inn i fellesskapet, slik at folk blir kjende med kvarandre på tvers, og for å styrke det sosiale fellesskapet mellom alle medlemmene, ikkje berre dei frivillege.

**Dei frivillege medarbeidarane** er grunnstammen i NIKODEMUS-STOVA. Dei må takast godt vare på. I prosjektperioden skal dei få minst ein **studietur** i året i år to og tre, budsjettert med kr. 10.000,- kvart år. Då skal dei få dra på besøk til andre liknande prosjekt og sjå korleis dei driv det, møte andre, bli inspirert samstundes som dei skal få med ein stor porsjon sosialt fellesskap, kultur, shopping og måltid. Tanken er at dette skal inspirere og gjere at dei frivillege medarbeidarane kjenner arbeidet dei gjer som verdifullt og meningsfullt, og såleis ønskjer å halde fram i fleire år. Etter prosjektperioden kan dette halde fram i ei eller anna form gjennom velferdsmidlar ein søkjer frå Fylkeslegen øyremerka ”dei frivillege medarbeidarane”.

Prosjektleiaren bør delta på **kurset** som Helse- og rehabilitering arrangerer **i praktisk prosjektledelse**. Dette kurset kostar i 2001 kr. 6.500,-, og det kan også dukke opp fleire relevante kurs, så summen er gjort noko høgare. **Møter** vert eit viktig verkemiddel i arbeidet med realiseringa. Det kan vere møter høgare opp i systemet (HLF), styringsgruppemøter, delprosjekt møter, evalueringsmøter for å nemne dei viktigaste. Denne posten skal dekke bevertning, husleige og andre utgifter i høve møteverksemda (ikkje reiser og opphald).

**Annonser** er viktige i rekrutteringsarbeidet. Prosjektleiaren skal vere den aktive i rekrutterings- og marknadsføringsarbeidet og treng ein annonsepост. Denne posten kan også brukast til brosjyrer som ledd i marknadsføringa av NIKODEMUS-STOVA. **Andre driftsutgifter** er ein sekkepost som kan brukast til toalettpapir, kioskvarer og anna som ikkje har fått sin eigen post.

#### D. PROSJEKTPLANAR – STATUSRAPPORTERING

Det skal utarbeidast milepælplan og prosjektansvarskart for prosjektet. Milepælplanen og prosjektansvarskartet vert utarbeida berre for eitt år om gongen. Dette er vanleg i fleirårige prosjekt, fordi det er store sjangsar for at det vert endringar iløpet av eitt prosjektår som påverkar begge planane. Det er prosjektleiar som er ansvarleg for å utarbeide både milepælplanen og prosjektansvarskartet, og desse bør vere klar innan ein måned etter at prosjektleiar har teke til i jobben, eller frå 1.februar.

#### DIALOGEN UNDERVEGS

Prosjektleiar skriv kvar måned **statusrapport** til styringsgruppa og til Hørselshemmedes Landsforbund ved prosjektkoordinator, som skal kvalitetssikre prosjektet overfor Helse- og rehabilitering (HR). Statusrapport skal sendast ut den 10. i månaden etter, og fyrste gong den 10. etter fyrste kalendarmånad prosjektleiaren har vore i arbeid. Det skal alltid rapporterast på det skjemaet som det er planlagt på, dvs. på milepælplanen og prosjektansvarskartet (vedlegg nr.32 og nr.33). I tillegg skal prosjektleiar rapportere til medlemmene av delprosjektgruppene, styringsgruppa og HLF som beskreve under **delprosjekta**. Dette skal skje ved milepæl. Sluttrapport for delprosjekta inngår som ein del av den samla sluttrapporten for prosjektet. For fleirårige prosjekt som dette, skal det saman med søknaden om støtte frå HR for år 2 og år 3 leggst ved ein **framdriftsrapport**. Alle prosjekt skal kvart år ved årsskiftet sende inn **revidert årsrekneskap**.

**Sluttrapporten** vert kalla **erfaringsrapport** og skal vektlegge kva ein har lært av prosjektet. Den skal sendast HR gjennom Hørselshemmedes Landsforbund når prosjektet er avslutta. Kva har fungert godt, kvifor? Kva har fungert dårleg, kvifor? Kva har vi lært som bør komme alle til gode? Kor truleg er det at dei planlagde gevinstane av prosjektet vil verte realiserte etter prosjektslutt? Korleis kan ein sikre ulike gevinstar av prosjekt? Kva idéar til vidareføring eller nye prosjekt er kome ut av prosjektet? Saman med sluttrapporten skal det følgje **revidert og avslutta prosjektrekneskap**. Saman med den faglege sluttrapporten til HR skal det følgje ein **kortfatta og publikumsvennleg sluttrapport**, som skal brukast i PR-samanheng.

#### E. UNDERSKRIFTER

**Minimum styringsgruppeleiar og prosjektleiar** skal skrive under på prosjektdirektivet. Men det er ein styrke om fleire skriv under. Dette er fordi ein som skriv under kanskje les grundigare gjennom det som står der og føler større ansvar enn dersom ikkje. Det er som regel prosjektleiar som både lagar utkast til prosjektdirektiv og gjer dette ferdig. Det er likevel heilt ufråvikeleg at styringsgruppa må **godkjenne** prosjektdirektivet. Prosjektdirektivet må kanskje justerast undervegs. Dette skjer fordi det må vere samsvar mellom innhaldet i prosjektdirektivet og milepælplanen/prosjektansvarskartet, og dei siste kan verte endra undervegs.

## 2. MILEPÆLPLAN 2002

Tidspunkt berekna å vere ferdig	RESULTATOMRÅDE	REALISERING AV NIKODEMUS-STOVA Prosjektleiar: Dato:	
		<b>MILEPÆLAR</b>	
01.01	Prosjektoppstart	Tilsett prosjektleiar, håpar vedkommande kan starte straks.	
15.01	Prosjektoppstart	Styringsgruppa er konstituert	
25.01	Delprosjekt 1-2	Delprosjektgruppene i delprosjekt 1-2 har hatt fyrste møte. Planlegging vårhalvår. Finansieringsbehov avklart.	
01.02	Delprosjekt 1-2	Søknadsfrist HLF for vaksenopplæringsmidlar våren 2002. Andre sine fristar??	
01.02	Prosjektoppstart	Lokalitetsspørsmålet er avklara og lokalet operativt	
15.02	Prosjektoppstart	<b>NIKODEMUS-STOVA opnar</b> , dersom prosjektleiar er starta i arbeidet. Dei innmelde frivillege er kontakta og tek til <b>1 dag for veka</b> .	
15.02	Neste prosjektår	Frist til HLF for prosjektskisse for neste års prosjekt dersom det krevst	
20.03	Prosjektoppstart	Siste frist for nytilsett prosjektleiar å starte i jobben, dersom han/ho har 3 mnd oppseiing	
01.04	Prosjektoppstart	Siste frist for å opne dørene til NIKODEMUS-STOVA, dersom sein jobbstart på prosjektleiar	
10.04	Prosjektoppstart + Delprosjekt 1-2	Samanrullingstiltak og andre marknadsføringstiltak skal ha funne stad. Annonser for kurs+ studieringar	
15.04	Delprosjekt 1	Kursstart likemanskurs, 1. pulje	
20.04	Neste prosjektår	Søknadsfrist for prosjektmidlar for 2003. Revidert framdriftsplan skal følgje ved.	
25.04	Delprosjekt 2	Kursstart for dataopplæring, 1.pulje	
01.06	Delprosjekt 1-3	Delprosjektgruppene skal ha planlagt hausthalvåret og avklara finansieringsbehov og -måtar	
05.06	Prosjektoppstart	Frist til HLF om innsending av framdriftsplan	
01.07	Delprosjekt 1-3	Søknadsfrist HLF for vaksenopplæringsmidlar hausten 2002. Andre ??	
24.08	Prosjektoppstart	Frist til HLF om ettersending av framdriftsplan	
25.08	Delprosjekt 2	Oppstart dataopplæring etter ferien, pulje 1 fortset	
01.09	Delprosjekt 1	Oppstart likemanskurs, pulje 2	
15.09	Delprosjekt 3	Oppstart kurs i samarbeid og kommunikasjon. Alle laga skal ha funne sine representantar	
15.09	Prosjektoppstart	<b>NIKODEMUS-STOVA utvidar bemanninga med frivillege på dagtid til 2 dagar i veka</b>	
01.10	Delprosjekt 2	Oppstart dataopplæring, pulje 2	
15.10	Delprosjekt 2	Dataopplæring, 1.pulje, skal vere ferdig Delprosjektgruppe 2 evaluerer	
20.10	Delprosjekt 2	Studiering data i NIKODEMUSSTOVE-lokala vert starta opp for pulje 1. Med lærar.	
Ca. 15.11	Neste prosjektår	Resultatet av søknaden om prosjektmidlar vert kjent	
20.11	Neste prosjektår	Styringsgruppa møtest, justerer kursen for neste år	
15.12	Prosjektoppstart	Prosjektreknekapen år 1 vert avslutta	

### 3. PROSJEKTANSVARSKART 2002

#### TIDSPLAN

#### INSTANSAR/PERSONAR

<b>REALISERING AV NIKODEMUS-STOVA 2002-2004</b>												U - utfører arbeidet B – hovedavgjerd b – delavgjerd a – framdriftsansvar A – kompetanse- overføring + framdriftsansvar R – må rådspørjast I – må innformerast											
												styringsgruppe	prosjektleiar	Gløppen Opplæringscenter	Delprosjektgruppe 1	Delprosjektgruppe 2	Delprosjektgruppe 3	Delprosjektgruppe 4	Delprosjektgruppe 5	Medlemsstyra	Medlemmene/brukarane/alle	HLF sin prosjektrettleiar	
TIDSSKALA (KALENDARTID)												MILE-	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11
J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	PÆLAR											
☆												1. Tilsetje prosjektleiar	B/a	b/a	b								
☆												2. Prosjektavklaring/godkjenning	B	U/a					b				
☆												3. Fyrste møte delprosjekt 1		U/a		B							
☆												4. Fyrste møte delprosjekt 2		U/a		B							
☆												5. Søke om vaksenopplæringsmidlar		a/U	B/U	b	b						
☆												6. Klargjering av lokala	b	B/U									
☆												7. Kontakt med dei innmelde frivillege	B	B/U									
	☆											8. NIKODEMUS-STOVA opnar	b	B/U									
	☆											9. Frist neste års prosjektskisse	I	B/U									
												10. Reservefrist til å opne NIK-STOVA	b	B/U									
			☆									11. Samanrslings-tiltak gjennomført	I	B/U					I	I			
			☆									12. Marknadsføring delpr.1-2 ferdig		B/U									
			☆									13. Søknadsfrist nye prosjektmidlar	b	B/U						b			
			☆									14. Kurs pulje 1 - delprosjekt 1		a/b	B/U	b							
			☆									15. Kurs pulje 1 - delprosjekt 2		a/b	U/B		b						
				☆								16. Haust planlagt delprosjekt 1-3		a/U	b	B	B	B		I			
				☆								17. Innsending HLF framdriftsplan		B/U									
				☆								18. Søk om vaksenopplæringsmidlar		b/U	B/U	b	b	b					
					☆							19. Studiering 1 - delprosjekt 1		B/a		I				b/U			
					☆							20. Bemanningauke - frivillege 2 dagar		B/U									
					☆							21. Kurs pulje 2 - delprosjekt 1		a/b	B/U	b							
					☆							22. Kursstart - delprosjekt 3		A/b	B/U			b		b			
						☆						23. Studiering 1 - delprosjekt 2		B/U			I						
							☆					24. Nye prosjektmidlar - ny kurs?	b	B/U	I	I	I	I	I	b	I	R	
								☆				25. Prosjektårsreknaskapen avsluttast		B/U									

#### **4. OVERSYN OVER PROSJEKTET**

Heilt bak i vedleggsamlinga (vedlegg nr.34) finn ein *matrise nr.1* der dei viktigaste elementa i utviklingsprosjektet er prøvd synleggjort. Der ser ein at aktiviteten går opp og tiltaket utviklar seg utover i prosjektet, mens den lønna prosjektleiaren vert trappa ned og ut. Det er også gjort forsøk på å få tiltaka til å leve vidare etter prosjektslutt.

Sidan kurs og opplæring er gjort til ein viktig bit med tanke på å lukkast med samarbeidet, finn ein eit oversyn over opplæringsdelen åleine i *matrise nr.2* i same vedlegget.